

VINJE KOMMUNE
Vinjevegen 192
3890 VINJE

Vår dato: 21.10.2025
Vår ref.: 202520181-2 Oppgi ved kontakt
Dykkar ref.: 2025/1655-25

Sakshandsamar: Astrid Flatøy,
22959768, asfl@nve.no

NVEs tilbakemelding - Høyring – Mindre endring av reguleringsplan for Åmot næringsområde / Industritomt – Vinje kommune

Vi viser brev datert 06.10.2025 av høyring av mindre planendring av reguleringsplan Åmot næringsområde planID 20010005. Søknaden gjeld utviding og mindre endring av industritomt 16/12 mfl. i Åmot, for å leggje til rette for fossilfrie ladestasjonar og kvileplassar for tungtransport (figur 1).

Om NVE

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynd med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjons- og skredfare, allmenne interesser knytt til vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å førebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strok (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl.).

NVEs tilbakemelding

I revidert plankart er mellom anna Industritomta utvida mot turvegen (grøn line) og flaumsone (raud skravur) er lagt inn i plankartet. Flaumsona ligg i arealføremål merka grønt, og ligg ikkje i næringsområde. Det gitt føresegn til flaumsona som varetek sikkerheita.

Vår vurdering er at NVEs saksområde blir tilstrekkeleg vareteke ved planendringa.

Meir informasjon

De finn mykje informasjon på våre nettsider om arealplanlegging, <https://www.nve.no/arealplanlegging/>. Vår uttale i saka er nødvendigvis ikkje uttømmende. For å få ei fullstendig oversikt viser vi til [Kartbasert rettleiar for reguleringsplan](#), som leier dykk gjennom alle våre fagområde, og gir dykk verktøy og



innspel til korleis våre tema skal takast omsyn til i reguleringsplanen. Dersom de har spørsmål, eller det er noko i denne uttalen som er uklart, kan de ta kontakt pr. telefon eller e-post.

Meld inn naturfareutgreiingar

Naturfareutgreiingar som er tinga etter 01.01.2025 skal meldast inn til NVE i samsvar med [pbl § 2-4](#) og [Forskrift om pliktig innmelding av grunnundersøkelser og naturfareutredninger](#). Vi ynskjer også å få inn naturfareutgreiingar tinga før denne datoen. Geotekniske grunnundersøkingar skal leverast inn til NGU via NADAG. Informasjon finnast her: [Meld inn naturfareutredninger - NVE](#).

Kommunen sitt ansvar

NVE minner om at det er kommunen som har ansvaret for at det blir tatt nødvendig omsyn til flaum- og skredfare, overvatn, vassdrag og energianlegg i arealplanar, byggeløyve og dispensasjonar. Dette gjeld uavhengig av om NVE har gitt råd, uttale, eller motsegn til saka.

Med helsing

Øyvind Leirset
seksjonssjef

Astrid Flatøy
seniorrådgivar

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.

Mottakarar:

VINJE KOMMUNE

Kopimottakarar:

STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG TELEMARK